

Lukka flaumløp med sidekanal

Utforming av innløp til sjakt / skråtunnel

Ole Håkon Hovland

Hydropower Development

Innlevert: juni 2013

Hovedveileder: Morten Skoglund, IVM

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet
Institutt for vann- og miljøteknikk



MASTEROPPGAVE

Kandidat: OLE HÅKON HOVLAND

Tittel: LUKKA FLOMLØP MED SIDEKANAL – UTFORMING AV
INNØP TIL SJAKT/SKRÅTUNNEL

1 BAKGRUNN

Alle dammar i reguleringsmagasin og inntaksbasseng må ha flomløp for å sikre at flomvatn kan passere anlegget utan skade på sjølve anlegget og omkringliggende eigedom og miljø. I Norge utformast og dimensjonerast flomløp i høve til Retningslinje for flomløp og Retningslinje for flomberekningar (NVE), men mange flomløp har forhold som ikkje dekkast fullt ut av formelverk og berekningsmetodar vist i retningslinjene. Spesielt er strøymingsforholda i lukka flomløp spesielle for kvart anlegg.

Norske fyllingsdammar byggast (med to unntak) med frie overløp. På grunn av topografiske forhold på staden er tradisjonelt slike flomløp bygd med lukka avløp, med terskel, sidekanal, sjakt og tunnel. Slike flomløp er tidlegare dimensjonert med utgangspunkt i Bernoullis energilikning, men justeringar for spesielle forhold og avvik. Likevel er det fleire stader dei siste åra avdekka at følgjande forhold systematiske er feilvurdert i dimensjoneringsgrunnlaget:

- Skeivstrøyming i sidekanal
- Strøymingsforhold i innløp til sjakt
- Akselrasjonsona i øvre del av sjakt (gjennomsnittsverdiar er nytta)

Modellforsøk har i mange tilfelle blitt nytta for utforming av lukka flomløp med sidekanal, eventuelt er erfaringar frå slike modellforsøk nytta til utforming av flomløp. Til no har ikkje numeriske berekningar åleine handtert dei vanskelege strøymingssituasjonane i nemneverdig omfang, sjølv om det heile tida gjerast framsteg her.

Alle desse flomløpa er forskjellige og må vurderast for seg sjølv, og berekningane må tilpassas det særskilte anlegg. Den delen av desse flomløpa som til nå verkar minst studert er akselrasjonssona. Denne sona kan definerast til den delen av flomløpet som er mellom samlekanalen og det punkt i sjakta kor normalstrøyming er etablert.

Mykje tyder på at det sjeldan er optimale utformingar av akselerasjonssona og innløpet til sjakt på lukka flomløp på norske dammar. Imidlertid er det, både nasjonalt og internasjonalt, utført en mengde studier på kulverter og innløp til kulverter. Mykje av dette bør kunne nyttast også i dimensjonering av flomløp.

På bakgrunn av dette vil eit literaturstudium og systematiske modellforsøk vere god hjelp for å finne dimensjoneringsreglar og optimal utforming for akselerasjonssone og innløp til sjakt/skråtunnel.

Helgedalsdammen tilhøyrande Saudefaldene har lukka flomløp. Også på denne dam kan det sjå ut som om akselerasjonssona og dermed innløpet til sjakt er et kritisk område for flomavledningskapasiteten.

2 HOVEDPUNKT I OPPGÅVA

Arbeidet vil omfatte følgende hovedpunkt:

1. Litteraturstudium med hovudvekt på hydraulisk kapasitet ved tunnel- og kulvertinnløp.
2. Planlegge forsøka med bakgrunn i manglar som er funne i litteraturstudiet. Det skal planleggast forsøk med forskjellige geometrisk utformingar av sjøve overgangen mellom sideoverløpet og sjakt/skråtunnel. Det skal også planleggast for modellforsøk av sideoverløpet på Helgedalsdammen.
3. Detaljplanlegge forsøksmodellen i samråd med rettleiarar og laboratoriepersonellet.
4. Delta i modellbygginga
5. Utføre innleiande forsøk
6. Utarbeide fullstendig forsøksplan basert på arbeidet i prosjektoppgåva og dei innleiande forsøka. Det skal vektlegges hydrauliske kapasitet ved dei forskjellige geometriske utformingane av sjøve innløpet. Hydraulisk kapasitet på innløp til sjakta på Helgedalsdammen skal finnes..
7. Gjennomføre forsøksplanen
8. Utarbeide berkningsreglar for innløp til sjakt og skråttunnel basert på modellforsøka samt forslag til utbetringar for Helgedalsdammen.

3 RETTLEIING, DATA OG INFORMASJON

Førsteamanuensis II Morten Skoglund vil vere hovudrettleiar for oppgaven. Professor Leif Lia (medrettleiar) vil saman med Samuel Vingerhagen (medrettleiar) rettleie arbeidet. Diskusjon med, og bidrag frå, kollegaer og medarbeidarar med NTNU, SINTEF, NVE, Saudefaldene og kraftselskap vert tilrådd. Bidrag som går inn i oppgåva skal alltid refererast til på rett vis.

4 RAPPORTFORMAT, REFERANSAR OG ERKLÆRING

Oppgåva skal skrivast i eit tekstbehandlingsprogram slik at figurar, tabellar, foto osv. får god rapportkvalitet. Rapporten skal innehalde eit samandrag, ei innhaldsliste, ei liste over figurer og tabellar, ei litteraturliste og opplysningar om andre relevante referansar og kjelder. Oppgåva skal leverast som pdf i DAIM og trykkast i tre eksemplar som leverast faglærer/institutt.

Samandraget skal ikkje ha meir enn 450 ord og skal vere eigna for elektronisk rapportering.

Masteroppgåva skal ikkje leverast seinare enn mandag **10. juni 2013**.

Trondheim, 14. januar 2013

Morten Skoglund
Førsteamanuensis II

Forord

Denne rapporten markerer slutten, og sjølve kulminasjonen, av den toårige mastergrad i Hydropower Development, ved Fakultetet for ingeniørvitenskap og teknologi, Institutt for vann og miljøteknikk på Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet (NTNU).

Temaet i denne oppgåva er kapasiteten for innløpet til tunnel i lukka flaumløp. Denne oppgåva var planlagt som todelt. Først ein del med generelle laboratorieforsøk; med fokus på generell utforming, og kapasiteten for systematiske variasjonar av horisontal og vertikal vinklar. I den andre delen av prosjektet var det planlagt å bruke kunnskapen frå del 1 på eit praktisk eksempel. bygge ein modell av flaumløpet til Helgedalsdammen, som er eigd av min komande arbeidsgivar AS Saudefaldene. Resultata frå den første delen av prosjektet skulle brukast til å foreslå forbetringar av flaumløpet i til Helgedalsdammen. Dessverre vart det ikkje til til noko meir enn nokre overordna vurderingar av situasjonen i Helgedalen. Alle modellforsøka vart utført i Vassdragslaboratoriet ved NTNU.

Hovudrettleiar for oppgåva har vore Morten Skoglund. Eg vil takke han for god oppfølging gjennom prosjektet, og for innspel og vurderingar det dette har vore naudsynt. Eg vil og takke Leif Lia, som har vore medrettleiar for oppgåva, for viktige innspel til forsøksplan og rekkefølge for forsøka. Eg vil og takke Geir Tesaker og Samuel Vingerhagen for svar på svar på spørsmål og avklaringar under modellbygginga.

Ole Håkon Hovland Trondheim 9. juni 2013

Samandrag

Det har tidlegare vore utført modellforsøk som har studert kapasiteten til sidekanalen i eit lukka flaumløp. Denne oppgåva har til hensikt å fortsetje arbeidet, og fokuserer på kapasiteten i overgangen mellom sidekanal og tunnel.

For å kunne undersøke kapasiteten så grundig som mogleg vart det utvikla ein modulbasert modell, som tillet systematisk variasjon av horisontalvinklar, vertikal vinklar og utviding av sidekanal. Alle delar kan stillast inn med stor grad av nøyaktigheit. Med denne grada av fridom i modellen, vart det mogleg å undersøke enkelte parameterar i forsøka. sidan alle forsøka vart gjort slik at dei har eit søsterforsøk med berre ein parameter i forskjell, er det mogleg å undersøke kva verknad kvar enkelt parameter har på kapasiteten.

Kapasiteten i overgangen mellom sidekanalen og avløpskanalen i modellen vart undersøkt ved å justere horisontalvinklar og vertikal vinklar separat. Slik at dei enkelte parameterane i så stor grad som mogleg kunne isolerast, og undersøkast.

Det teoretiske grunnlaget for å berekne kapasiteten i eit overløp er noko avgrensa. Derfor vart resultatata frå modellforsøket samanlikna med likningar for berekning av kulvertkapasitet.

Resultatet frå modellforsøket viser at den beste utforminga er så slak horisontal overgang frå sidekanaltverrsnittet til tunnel tverrsnitt som mogleg. Den vertikale vinkelen på avløpet bør vere så bratt som mogleg, men ikkje brattare enn 45° .

Dette er ikkje heilt i samsvar med kulvertberekningane, men resultatata viser at berekningsmåten kan tilpassast til eit lukka flaumløp.

For flaumløpet på Helgedalsdammen vert det vurdert at det ikkje kan trekkast nokon sikre konklusjonar frå dei generelle modellforsøka utan å verifisere dei i eigne modellforsøk av det aktuelle flaumløpet.

Abstract

It has previously been carried out model experiments that have studied the capacity of the side channel for a closed spillway. This thesis intends to continue the work, focusing on the capacity of the transition from the side channel to the tunnel.

In order to investigate the capacity as thoroughly as possible, it was developed a modular model that allows for systematic variation of horizontal angles, vertical angles and expansion of the side channel. All parts can be set with a high degree of accuracy. With this degree of freedom in the model, it was possible to investigate singular parameters in experiments. All experiment was systematically executed so that they would have corresponding experiments. These corresponding experiments would only have one parameter difference, making it possible to investigate the influence of each of the parameters on the capacity.

The capacity in the transition between the side channel and the tunnel channel in the model were investigated by adjusting the horizontal angles and vertical angles separately. In that way the individual parameters could be isolated and investigated. The theoretical basis for calculating the capacity of a spillway is somewhat limited. Because of this the results were compared with equations for calculating culvert capacity.

The results from the model experiment shows that the best design for the transition zone is a gentle transition in the horizontal plane. The vertical angle of the outlet should be as steep as possible, but not steeper than 45° . This is not entirely consistent with culvert calculations, but the results show that the calculations can be adapted to a closed spillway.

For the closed spillway for Helgedalsdammen it is concluded that it is not possible to draw certain conclusions from the general model experiments, without verifying them in a specific model experiment for Helgedalen.

Innhold

I	Generelle modellforsøk	1
1	Innleiing	2
2	Grunnlag for oppgåva	4
2.1	Damsikkerhetsforskrifta	4
2.2	Strøymingstype i innløpet	5
2.3	Innløpet	5
2.3.1	Formlar og konstantar for kapasitetsberekning	6
3	Modellen	9
3.1	Utforming av modell	10
3.1.1	Vasstilførsel	10
3.1.2	Basseng	12
3.1.3	Sidekanal	12
3.1.4	Modulbasert Avløp	13
3.1.5	System for innstilling av vertikalvinkel	18
4	Forsøksplan	19
4.1	Namngiving av forsøk	19

5	Kapasitet	22
5.1	Ru kanal utan utviding	24
5.1.1	Forsøksgjennomføring og resultat	24
5.1.2	Kapasitet i ru kanal utan utviding	29
5.2	Ru kanal med Utvida kanal	33
5.2.1	Forsøksgjennomføring og resultat	33
5.2.2	Samanlikning av kapasitet melom utvida og ikkje utvida kanal	33
5.3	Ru kanal og glatt kanal	39
5.3.1	Forsøksgjennomføring og resultat	39
5.3.2	Samanlikning av kapasitet i glatt og ru kanal.	39
5.4	Samla knekkpunkt	39
5.4.1	Forsøksgjennomføring og resultat	39
5.4.2	Kapasitet med samla knekkpunkt	42
5.5	Skeiv straum i sidekanalen	42
5.6	Plate i sidekanalen	45
5.6.1	Forsøksgjennomføring og resultat	45
5.6.2	Kapasitet For plate i sidekanal	45
5.7	Repeterbarheit	48
6	Usikkerheit og feilkjelder	52
6.1	Vassføring	52
6.2	Vasstand i basseng	53
6.3	Vasstand i kanal	53
6.4	Geometri i kanal	53
7	Konklusjon	55

8 Forslag til vidare arbeid	56
II Helgedalen	57
9 Bakgrunn	58
9.1 Utført studie av lukka flaumløp Helgedalen	58
9.2 Vurderingar av Helgedalen opp mot generelle forsøk	58
A Observasjonstabellar	63
B Grafar for ikkje utvida Ru kanal	110
C Samanlikning mellom utvida og ikkje utvida	119
D Grafar for Ru og Glatt kanal	128
E Samla knekkpunkt	137
F Plate i sidekanal	144
G Repeterbarheit	148
H Tabell A.1., A.2, A.3 og A.4 Norman et al. (2012)	152

Figurar

2.1	Figuren viser vasstraumen gjennom ein flaumtunnel. 70% av tverrsnittet kan vere vassfylt. (NVE 2005)	6
2.2	Kontraksjonen av vasstraumen på grunn av skarpkanta innløp. (Norman 2012)	7
2.3	Likningar for dykka kulvert (A.3) og ikkje-dykka kulvert (A.1 og A.2) (Norman 2012).	8
3.1	Kapasitetskurve for flaumløp, og avløp i form av eit $\varnothing=110\text{mm}$ røyr (Walløe, 2012)	10
3.2	Bassenget i modellen	11
3.3	Planteikning og snitt av sidekanalen og det modulbaserte avløpet. Blå pil viser retninga på vasstraumen gjennom modellen.	14
3.4	Bilete av modulbasert avløpssystem, frå forsøk 1-10-45-0-1-0, med vassføring 45 l/s. Biletet ser ein, frå høgre mot venstre, enden av kanalveggen i sidekanalen, kanalutviding, samlevinkel (45°) og avløpskanal (10°).	15
3.5	Oppsett som viser prinsippet for innstillinga av vertikalvinkelen til avløpskanalen.	17
4.1	Forsøksmatrise	20

5.1	Grafen visar vasstanden i målepunkta K8, V3, A1 og A2 for vassføringa 15 l/s. Kvar linje i grafen representerer ein horisontalvinkel i samlevinkelen.	26
5.2	Grafen visar vasstanden i målepunkta K8, V3, A1 og A2 for vassføringa 35 l/s. Kvar linje i grafen representerer ein horisontalvinkel i samlevinkelen.	27
5.3	Grafane visar vasstanden i målepunkta K8, V3, A1 og A2, for vassføringa 45 l/s. Kvar linje i grafen representerer ein horisontalvinkel i samlevinkelen.	28
5.4	Grafanen viser vasstanden i målepunkta K8, V3, A1 og A2, for vassføringa 65 l/s. Kvar linje i grafen representerer ein horisontalvinkel i samlevinkelen.	30
5.5	Forsøk 0-67.5-67.5-0-1-0 med vassføring 51 /s. Ein ser på bilettet korleis vasstrengen ikkje har kontakt med avløpskanalen på nokon sider eller botn av kanalen. Situasjonen er lik for større vassføringar.	31
5.6	Vasstand i målepunkta K8, V3 og A1 for vassføringa 15 l/s. Kvar linje i grafen representerer ein horisontalvinkel i samlevinkelen. Det første talet i namnet seier om kanalen er utvida eller ikkje.	34
5.7	Vasstand i målepunkta K8, V3 og A1 for vassføringa 35 l/s. Kvar linje i grafen representerer ein horisontalvinkel i samlevinkelen. Det første talet i namnet seier om kanalen er utvida eller ikkje.	35
5.8	Vasstand i målepunkta K8, V3 og A1 for vassføringa 45 l/s. Kvar linje i grafen representerer ein horisontalvinkel i samlevinkelen. Det første talet i namnet seier om kanalen er utvida eller ikkje.	36
5.9	Grafane viser vasstanden i venstre side av målepunkt V3 for vassføringane 35 l/s, 45 l/s og 55 l/s.	37
5.10	Grafane viser vasstanden i målepunkta K8, V3, A1 og A2, for vassføringa for glatt og ru kanal.	40
5.11	Vasslinje for glatt kanal, forsøk 0-10-45-0-0-0. Og for Ru kanal, forsøk 0-10-45-0-1-0. Forskjellig farge på linjene representerer forskjellig vassføring. Stipla linje betyr glatt kanal og heil linje betyr ru kanal.	41

5.12	Grafen viser vasstanden i målepunkta K8, V3, A1 og A2, for vassføringa 45 l/s. Horisontalvinkelen i samlevinkelen er 45°. Dei blå punkta viser forsøk med Samla knekkpunkt. Den raude kurva viser viser forsøk med normalt kanaloppsett.	43
5.13	Biletet viser vasstraumen gjennom samlevinkelen i forsøk 0-45-45-0-1-1, som har samla knekkpunkt for horisontal og vertikal vinkel. Teikninga til høgre viser eit snitt av samlevinkelen i same forsøk.	44
5.14	Figuren viser vasstransporten gjennom kanalen og avløpet. Stor vasstransport er indikert med kraftigare piler	44
5.15	Figuren viser vasslinja i sidekanalen, med og utan plate, for utvalte forsøk. Blå kurve viser vasslinja utan plate. Raud kurve viser vasslinja med plate.	46
5.16	Figuren viser plata plassert i sidekanalen, og tenkt effekt på vasstraumen. Plata er teikna inn i sidekanalen som mørkebrun linje.	47
5.17	Vasslinje for det repeterte forsøket 0-10-45-0-1-0. Det originale forsøket har heil kurve, og det repeterte har stipla	50
5.18	Viser vasslinja for to forsøk med nesten same vassføring	51
9.1	Digital modell av helgedalen sett frå innløpet til tunellen opp mot overløpet	59
9.2	To forskjellige forslag til å auke kapasiteten. Raud linje viser tenkt senking av kanalbotn. Terskel er teikna inn med blått	61

Tabellar

4.1	Alle brukte verdier for alle foranderlege modell parameterar.	21
-----	---	----

Digitale vedlegg til rapporten

2013-05-23 Tavbell for eknelt vassføringsnivå .xlsx - Alle observasjonar frå alle forsøk

Tegning Dam Helgedalsvann Grøner.pdf - Teikningar av Helgedalsdammen

Del I

Generelle modellforsøk

Kapittel 1

Innleiing

Flaumløpet er viktig for alle damtypar. Flaumløpet sikrar at ei klarer styre vasstraumen trygt forbi dammen ved flaum. Eit flaumløp kan enten leie vatnet rundt, gjennom eller over dammen. Vasstraumen inn i flaumløpet vert enten bestemt av eit fast overløp eller eit manøvrerbart løp.

For fyllingsdammar er det, av omsyn til damsikkerheita, mest vanleg å leie vatnet rundt dammen gjennom eit lukka flaumløp med eit fast overløp. Denne løysinga vert òg brukt for andre damtypar der forholda på damstaden tilseier at ei slik utforming er gunstig. Eit lukka flaumløp er bygd opp av ein overløpsterskel, ein sidekanal og ein tunnel eller ei sjakt.

Kapasiteten for sidekanalen vart undersøkt og skildra i (Walløe, 2012). Denne masteroppgåva tar sikte på å undersøke kapasiteten i overgangen mellom sidekanalen og tunnelen. Kapasiteten skal undersøkast ved å bygge ein modell av eit lukka flaumløp. Og lage forskjellige anordningar som kan undersøke kapasiteten i overgangen mellom sidekanal og tunnel, ved hjelp av å forandre forskjellige parameterar i kanalen.

På grunn av det avanserte strøymingsmønsteret i sidekanalen, vert lukka flaumløp svært komplekse hydraulisk. Og det manglar ennå nok datagrunnlag til å vise at numeriske berekningar gir eit korrekt resultat (Midttømme 2011). Derfor vert det i stor grad framleis nytta modellforsøk for å bestemme kapasiteten til lukka flaumløp i dag. På grunn av kostnadane ved slike forsøk, vert det utvikla numeriske metodar for å vurdere kapasiteten i lukka flaumløp.

I dette skal berre den delen av flaumløpet som er overgangen mellom sidekanal og tunnel undersøkast.

Kapittel 2

Grunnlag for oppgåva

Eit lukka flaumløp består av ein overløpsterskel, ein samlekanal, eit innløp til sjakt/tunnel, sjakt/tunnel og utløp av sjakt/tunnel. Denne oppgåva fokuserer på innløpet til sjakt/tunnel. Kapasiteten for sidekanalen og overløpsterskelen har er behandla i (Walløe, 2012). Det vert ikkje mogleg å undersøke kapasiteten i sjakt eller tunnel, på grunn av den valde løysinga for modellforsøket.

2.1 Damsikkerheitsforskrifta

Damsikkerheitsforskrifta stiller krav til at eit flaumløp skal avleie dimensjonerande flaum ved dimensjonerande flaumvasstand.

Dersom flomavledning skjer gjennom sjakt eller tunnel (lukket avløp), skal disse utformes slik at det blir friskeilstrømning i øvre del av systemet ved avledning av dimensjonerende avløpsflom. Overgangen fra overløpsterskel til sjakt eller tunnel skal gis en god hydraulisk utforming, slik at denne delen av flomløpet ikke blir begrensende for kapasiteten. Ved avledning av påregnelig maksimal avløpsflom, jf. § 5-7, tillates rørstrømning ved at hele tverrsnittet går vannfylt, forutsatt at overløpet er bestemmende for vannstanden i magasinet. (Damsikkerhetsforskriften, 2009)

2.2. STRØYMINGSTYPER I INNLØPET 2. GRUNNLAG FOR OPPGÅVA

For lukka flaumløp er det stilt krav til at vasstraumen skal ha ein fri vasspegel gjennom flaumløpet ved dimensjonerande flaum. Ved PMF er kravet at overløpsterskelen skal avgjere vasstanden i magasinet. For overgangen mellom sidekanal og sjakt / tunnel er det ikkje stilt anna krav enn at: "Overgangen fra overløpsterskel til sjakt eller tunnel skal gis en god hydraulisk utforming, slik at denne delen av flaumløpet ikke blir begrensende for kapasiteten." (Damsikkerhetsforskriften, 2009)

Det som denne oppgåva skal finne svar på er kva som er ei god hydraulisk utforming av overgangen. Sjølv om formuleringa om god hydraulisk utforming står i damsikkerhetsforskrifta, så er det ikkje definert i forskrifta kva som er ei god hydraulisk utforming.

2.2 Strøymingstype i innløpet

Denne oppgåva fokuserer på den dimensjonerande flaumsituasjonen. Det betyr at kravet frå Damsikkerhetsforskrifta om frispegelstrøyming er gjeldande. Samtidig må ein ta omsyn til at NVE stiller krav til at berre 70% av tverrsnittet i sjakt og tunnel kan vere vassfylt. (NVE 2005). Graden av vassfylling i tverrsnittet vert bestemt ut frå Mannings formel:


$$Q = M A R_h^{\frac{2}{3}} S_0^{0.5} \quad (2.1)$$

Kravet til at 70% vassfylling gjer at tunnelarealet, A , i formelen, vert redusert, og ein reknar i prinsippet kapasiteten for ein tunnel med eit mindre tverrsnitt.

På grunn av krava frå NVE kan innløpet derfor sjåast på som ein kulvert med innløpskontroll. For ein dimensjonerande flaum vert innløpet i prinsippet som ein ikkje dykka kulvert, medan han kan reknast som ein dykka kulvert ved PMF.

2.3 Innløpet

Sidan innløpet kan reknast på som ein kulvert med innløpskontroll er kapasiteten i kulverten avgjort ut frå energihøgda til vatnet ved i innløpet, og kva tapsledd som er til stades.




Figur 2.1: Figuren viser vasstraumen gjennom ein flautunnel. 70% av tverrsnittet kan vere vassfylt. (NVE 2005)

Ved tapsfri vasstraum kunne ein brukt ei enkel energibetraktning. Ut frå energilikninga ville ein få denne kapasiteten: $Q = A\sqrt{HW \cdot 2g}$.

I eit verkeleg innløp vert det derimot alltid tapsfaktorar som verkar inn. I figur 2.2 kan ein til dømes sjå korleis eit rettvinkla innløp gir ein større kontraksjon enn eit avrunda. Figuren viser korleis det effektive arealet vert redusert på grunn av utforminga. Kontraksjonen kan motverkast ved å gi innløpet ei avrunda form, eller å lage vengemurar til å samle vatnet (Norman 2012).

2.3.1 Formlar og konstantar for kapasitetsberekning

For å finne kapasiteten til ein kulvert kan ein bruke likningane i figur 2.3. Desse likningane tek omsyn til tapsledd. Likning A.1 og A.2 er gjeldande for ikkje-dykkka innløp, medan A.3 gjeld for dykka innløp. I desse formlane er "S" hallinga i kulverten, og "D" er høgda på kulvert opninga. K, M, c, Y er konstantar som er avhengige av utforminga av innløpet. Ein kan finne typiske verdiar for desse konstantane i tabellar i Norman et al. (2012) i apendiks H.



Figur 2.2: Kontraksjonen av vasstraumen på grunn av skarpkanta innløp. (Norman 2012)

For å velje kva formel som skal brukast, skal ein sjå til vassføring og høgde og areal av kulverten. For udykka kulvert skriv Norman et al. (2012):

The unsubmerged equation has two forms. Form (1) is based on the specific head at critical depth, adjusted with correction factors. Form (2) is an exponential equation similar to a weir equation. Form (1) is preferable from a theoretical standpoint, but Form (2) is easier to apply and is the only documented form of equation for some of the inlet control equations. Equations (A.1) and (A.2) apply up to about $Q/AD^{0.5} = 3.5$ (1.93 SI). (Norman 2012)

Formelen for dykka kulvert gjeld frå: $Q/AD^{0.5} = 4$ (2.21 SI)

For den udykka situasjonen vert formlane vurdert slik at formel (A.1) er den teoretisk beste. Formel (A.2) vert skildra som den som er enklast i bruk, og han er dokumentert.

Det som er interessant å merke seg at formel (A.2) ikkje tek omsyn til hallinga i kulverten. Om denne formelen skal kunne brukast for lukka flaumløp, så kan det ikkje vere forskjell i kapasiteten til flaumløp med varierende vertikalvinkel i tunnelen. Om det er ein slik forskjell, så må ein av formlane som tek omsyn til hallinga nyttast.

Formel A.1 tek omsyn til hallinga. Det same gjer formel A.3 for dykka kulvert.

$$\frac{HW_i}{D} = \frac{H_c}{D} + K \left[\frac{K_u Q}{AD^{0.5}} \right]^M + K_s S \quad \text{Form (1)} \quad (\text{A.1})$$

$$\frac{HW_i}{D} = K \left[\frac{K_u Q}{AD^{0.5}} \right]^M \quad \text{Form (2)} \quad (\text{A.2})$$

$$\frac{HW_i}{D} = c \left[\frac{K_u Q}{AD^{0.5}} \right]^2 + Y + K_s S \quad (\text{A.3})$$

Where:

HW_i	Headwater depth above inlet control section invert, ft (m)
D	Interior height of culvert barrel, ft (m)
H_c	Specific head at critical depth ($d_c + V_c^2/2g$), ft (m)
Q	Discharge, ft ³ /s (m ³ /s)
A	Full cross sectional area of culvert barrel, ft ² (m ²)
S	Culvert barrel slope, ft/ft (m/m)
K, M, c, Y	Constants from Tables A.1, A.2, A.3
K_u	Unit conversion 1.0 (1.811 SI)
K_s	Slope correction, -0.5 (mitered inlets +0.7)

Figur 2.3: Likningar for dykka kulvert (A.3) og ikkje-dykka kulvert (A.1 og A.2) (Norman 2012).

Kor eigna er konstantane til å brukast i lukka flaumløp?

Ved bruk av formlane må ein hugse på at konstantane er utvikla for bruk i kulvertar, og dei kan ikkje utan vidare nyttast for flaumløp. Ut frå formlane, og konstantane som vert brukt i tabellane, ser ein at den beste kapasiteten for ein kulvert er ein vinkel på vengemuren i kulverten på mellom 30° og 70°. Om dette stemmer for eit lukka flaumløp, inneber det at ein horisontalvinkel i innløpet til tunnelen på 22.5°, skal ha dårlegare kapasitet enn ein vinkel på 45°. Om ein ser at kapasiteten er betre for horisontalvinkelen på 22.5°, tyder det på at ein må utarbeide nye konstantar for bruk i sidekanalen.

Kapittel 3


Modellen

For å kunne undersøke kva parameterar som er viktige og avgjerande for kapasiteten i eit lukka flaumløp, måtte det utviklast ein modell der ein i størst mogleg grad kan isolere og endre kvar enkelt parameter separat.

Krava for modellen var at han måtte kunne ha stillbar innløpsvinkel og avløpsvinkel. Samtidig måtte vasstanden gjennom modellen kunne observerast, og det heile måtte kunne gjerast innan rimeleg tid, og innanfor ei kostnadsramme som står i stil til ei masteroppgåve.

Det var valt å bygge modellen av det lukka flaumløpet som ein open kanal. Denne modelleringa har openbare manglar. Ein får til dømes ikkje den same dynamikken i at flaumløpet fyller seg opp, for så å gå over til trykkstrøyming. Dermed kan ikkje modellforsøket gi eit knekkpunkt i kapasitetskurva slik som omtalt i (Walløe, 2012), og vist i figur 3.1. Denne modellen kan ikkje brukast til å modellere den faktiske maksimale kapasiteten for eit lukka system som ellers er likt. Modellen svarar til ein lukka flaumtunnel, som oppfyller kravet til ein fri vasspegel inn i tunnelen.

Fordelen med den valde utforminga av modellen er at modellen er rask å bygge om. Derfor får ein utført mange mange forsøk. Sidan vassoverflata i modellen er synleg, kan vasslinja observerast gjennom heile flaumløpet. Derfor gir denne utforminga av modellen eit veldig breitt grunnlag for å vurdere kapasiteten av eit flaumløp, heilt til det punktet der ein ikkje har ein fri vasspegel.




Figur 3.1: Kapasitetskurve for flaumløp, og avløp i form av eit $\phi=110\text{mm}$ røyr (Walløe, 2012)

3.1 Utforming av modell

Modellen består av 3 hovuddelar. Eit basseng, ein sidekanal og eit modulbasert avløp. For å skildre modellen, vert høgre og venstre nytta etter orientering mot nedstraums retning i sidekanalen. Målestavane i samlekanalen vert til dømes omtala som at dei er på høgre side i samlekanalen. Bassenget og sidekanalen er den same sidekanalen og bassenget som er skildra i (Walløe, 2012).

3.1.1 Vasstilførsel

Tilførselen av vatn til modellen er todelt. Begge er ein del av det sentrale tilførselssystemet for vatn i laboratoriet, men dei er drivne av to separate pumper. Det eine systemet har ein røyr diameter på 110mm og kan levere i overkant av 30 l/s. Det andre røyr systemet har ein røyr diameter på 315mm og kan levere 170 l/s. I praksis betyr dette at det minste systemet er brukt for vassføringar opp til 30 l/s, og det største systemet er brukt for vassføringar over dette. Vassføringa er regulert ved ein sluseventil på begge systema.



Figur 3.2: Bassenget i modellen

Måleinnretningar

Vassføringa vert, for begge systema, målt med SITRANS F M MAG 5100 W sensor. Sensoren er kombinert med ein SITRANS F M MAG 5000 transmitter. Dette systemet er eit elektromagnetisk målesystem for vassføring. Målaren fungerer ved å lage eit elektromagnetisk felt som vatnet går gjennom. Siden vatnet er elektrisk leiande, betyr dette at det vert indusert ei spenning når den elektriske leiaren går gjennom det elektromagnetiske feltet. Denne spenninga vart tolka i transmitterdelen, og ved hjelp av at røyrdimensjonen er lagt inn i systemet får ein ut vassføringa på eit display.

3.1.2 Basseng

Bassenget, som vist på figur 3.2, er delt i to av ein skiljevegg. Skiljeveggen består av tre lag med perforerte plater med plastmatter mellom. Vatnet frå dei to tilførselssystema kjem inn på venstre side av skiljeveggen, og vasstraumen vert godt utjamna for alle vassføringar som det er køyrt forsøk på. Det minste tilførselssystemet visast i biletet, medan det største er skjult under plata til høgre i figur 3.2. På høgre sida av skiljeveggen er terskelen og tilstrøymingsområdet for denne. Her er vasstandsmålaren montert. Bassenget er 2.27m langt, og 1,37m breitt. Bassenget er 0.6m djupt målt frå terskelen.

Terskelen utgjer den høre sida av bassenget, og løper langs heile den innvendige lengda på 2.27m. Terskelen er ein vegg med breidde på 0.085m, med ein avrunda topp.

Måleinnretningar

Vasstanden i bassenget vart målt med ABSOLUTE Digimatic Height Gage Series 570. Vasstanden vart målt i ein sylinder, som vart montert slik som vist i figur 3.2. I botn av sylindern vart det montert ein slange til den kanten av bassenget som vender mot utløpet av sidekanalen. På denne måten vart vasstandsmålingane så nøyaktige som mogleg.

3.1.3 Sidekanal

Sidekanalen er ein oppsamlingskanal for overløpsterskelen, og han er vist til venstre for overløpsterskelen i figur 3.2. Skjematisk oppriss av sidekanalen er

vist i figur 3.3. Sidekanalen er stillbar i djup, breidde og halling. I forsøka vart breidda av kanalen sett til 0.500m, og hallinga vart sett til $\vartheta=3^\circ$.

Det vart først kjørt forsøk med glatt kanal. Etter det vart kanalen bygd om til ru kanal, og forsøka i ru kanal vart utført. Kanalen vart gjort ru ved å lime på stein med ein høgde på rundt 20mm, med ein senteravstand på rundt 100mm. Steinane er dermed av same storleik og med same senteravstand som i (Walløe, 2012). Det vart valt den same metoden for å gjere kanalen ru som i (Walløe, 2012), fordi det er ønskjeleg med mest mogleg samanliknbare resultat.

Måleinnretningar

Sidekanalen har 8 målestavar K1-K8, som måler vasstanden i kanalen. Desse er plassert på høgre side av kanalen. Målestavane er plassert med ein senteravstand på 0.30m gjennom heile sidekanalen. Målestavane har ein lengde på 28cm.


3.1.4 Modulbasert Avløp

Det modulbaserte avløpet består av tre hovuddelar. Kanalutviding, samlevinkel og avløpskanal, som vist i figur 3.3

Kanalutviding

Kanalutvidinga er ei utviding av sidekanalen med same breidde som sidekanalen, 0,5m, og ein lengde ein lengde på 1m. Utvidinga har den same hallinga som sidekanalen. Ruheita i sidekanalutvidinga er tilsvaranderuheita i sidekanalen. Utvidinga er laga slik at ho kan koplast til kanalen, eller fjernast ved behov.

Målestavane for vasstanden i utvidingskanalen, U1-U3, er plassert slik at U3 hamnar like langt frå enden av utvidingskanalen som K8 er nær enden av sidekanalen. Utan om dette er målestavane plassert slik at mellomrommet mellom målestavane er det same gjennom både sidekanalen og utvidingskanalen. Plasseringa er vald slik for å få mest mogleg samanliknbare resultat med og utan sidekanal.



Vinkler som har vore nytta i forsøka:

$\alpha = 22.5^\circ, 45^\circ, 67.5^\circ, 90^\circ$

$\beta = 3^\circ, 10^\circ, 22.5^\circ, 45^\circ, 67.5^\circ$

$\theta = 3^\circ$

Lengde av modular:

Sidekanal $L=2.27\text{m}$

Utvidingskanal $L=1.00\text{m}$

Samlevinkel 22.5° $L=0.404\text{m}$

Samlevinkel 45° $L=0.166\text{m}$

Samlevinkel 67.5° $L=0.069\text{m}$

Samlevinkel 90° $L=0.012\text{m}$

Figur 3.3: Planteikning og snitt av sidekanalen og det modulbaserte avløpet. Blå pil viser retninga på vasstraumen gjennom modellen.



Figur 3.4: Bilete av modulbasert avløpssystem, frå forsøk 1-10-45-0-1-0, med vassføring 45 l/s. Biletet ser ein, frå høgre mot venstre, enden av kanalveggen i sidekanalen, kanalutviding, samlevinkel (45°) og avløpskanal (10°).

Samlevinkel

Samlevinkelen er modulen i som utgjør overgangen mellom sidekanalen og avløpskanalen. For å kunne stille inn vinkelen på innløpet til avløpskanalen, vinkel α i figur 3.3, er samlevinkelen bygd opp av fire utbyttbare modular med forskjellige lengder som gir innløpet til avløpskanalen fire forskjellige innløpsvinklar. Samlevinklane er laga slik at dei gir innløpsvinklar på, etter tur, 22,5, 45, 67,5 og 90 grader. Vinklane er definert som vist i figur 3.3. Samlevinkelen er gjort ru på same måte som sidekanalen, og har den same ruheita.

Målestavane i sidekanalen er plassert slik at ein målestav er på midten av samle-vinkelen og ein målestav er montert kvar ende av samlevinkelen. Målestavane i endene av vinkelen er plassert rundt to cm frå enden av samlevinkelen. Dette er gjort av modelltekniske omsyn, slik at overgangen mellom modulane kan tettast for lekkasje på ein fornuftig måte.

Avløpskanal


Avløpskanalen er ein modul med lengde 1,19m og innvendig breidde på 0,167m, som vist i figur 3.3. Avløpskanalen er stillbar i vertikalvinkel (β). I forsøka er β , sett til 67,5°, 45°, 22,5°, 10° og 3°.

For å stille vertikalvinkelen vart det nytta eit eigenutvikla system for innstilling av vertikalvinklar som er vist i figur 3.5.

Målestavane i avløpskanalen er plassert på 0,03m, 0,125m, 0,25m, 0,50m og 1,00m frå innløpet til avløpskanalen. Plasseringa er vald for å fange opp raske endringar i vasstanden etter at vatnet renn inn i avløpskanalen. Plasseringa av den første målestaven 3cm frå innløpet til kanalen er av modelltekniske omsyn, slik at modellen kan tettast for lekkasje mellom modulane.

Måleinnretningar

Det vart plassert målestavar langs heile det modulbaserte avløpet. U1-U3 i utvidinga, V1-V3 i samlevinkelen og A1-A5 i avløpskanalen.



Figur 3.5: Oppsett som viser prinsippet for innstillinga av vertikalvinkelen til avløpskanalen.

3.1.5 System for innstilling av vertikalvinkel

Vertikalvinkelen vart innstilt med ein planlaser (Bosch GLL 3-80 P Professional), og eit system for å måle fall som er spesialutvikla for dette prosjektet. Systemet er vist i figur 3.5. Dette systemet vart nytta for alle horisontalvinklar i modellen frå 3° - 22.5° . For horisontalvinklar over dette kunne systemet verte unøyaktig, og det vart nytta ein water for å måle vinklar på 45° - 67.5° . Systemet fungerer slik at laserstråla føl undersida av plexiglasbjelken. Flisa i enden av bjelken fangar opp laserstråla og hjelper til med å få ei nøyaktig innstilling av kanalen. Kva avstandsholdar som er montert avgjer kva vinkel kanalen vert sett til. Fininnstillinga av systemet vert gjort med kilar. Dette sikrar optimal nøyaktigheit i innstillinga av kanalen.

Sidan planlaseren sender ut ei langsgående stråle, vart systemet òg nytta til å stille inn retningsvinkelen på avløpskanalen. Sidan laseren står på eit fast punkt, kan ein dermed sikre retninga på avløpskanalen ved hjelp av eit punkt i oppstraums ende av kanalen, og eit i avløpskanalen.

Kapittel 4


Forsøksplan


Modellen er laga slik at han har ein vertikalt innstillbar sidekanal, og ein utbyttbar samlekanal med forskjellige innløpsvinklar. Desse kombinasjonane av vinklar på avløpskanal og innløpsvinkel, vart utført både med og utan utvida sidekanal. Utover dette er det mogleg å flytte knekkpunktet for avløpskanalen inn til enden av sidekanalen, slik at samlekanalen og avløpskanalen får same vertikale vinkel, samla knekkpunkt. Det vart òg utført eit forsøk med glatt kanal, dette vart utført før modellen vart ombygd til ru kanal. For å halde orden i desse kombinasjonane av parameterar, så vart det laga ei forsøksmatrise figur 4.1

I tillegg til dei forsøka som framgår av forsøksmatrisa, vart det utført enkelte forsøk med å avgrense straumen på tvers av sidekanalen med ei langsgåande plate midt i sidekanalen. Desse forsøka er omtala som “plate i sidekanal”. Desse forsøka vart utført både med og utan forlenga kanal.

4.1 Namngiving av forsøk

Forsøka har fått namn slik at kvart oppsett av modellen, med sin unike kombinasjon av parameterkonfigurasjonar, har sitt eige unike namn. Samtidig fortel namnet kva parameterar som er undersøkt i forsøket. Namnet består av ei talrekke der kvart tal svarar til statusen for ein parameter i forsøket. For å seie om ein parameter er til stades eller ikkje, er tala “0” og “1” nytta. “1” tyder at parameteren er til stades, “0” tyder at han ikkje er det. For den horisontale

Utan forlenga sidekanal					
		Horisontal utforming			
		90°	67.5°	45.0°	22.5°
Vertikal utforming	3.0°	×	×	×	×
	10.0°	×	×	×	×
	22.5°	×	×	×	×
	45.0°	×	×	×	×
	67.5°	×	×	×	×
		Samla Knekkpunkt			
Vertikal utforming	45.0°			×	
	10.0°			×	
		Glatt kanal			
Vertikal utforming	10.0°			×	

Med forlenga sidekanal					
		Horisontal utforming			
		90°	67.5°	45.0°	22.5°
Vertikal utforming	3.0°				
	10.0°	×	×	×	×
	22.5°	×	×	×	×
	45.0°	×	×	×	×
	67.5°				

Figur 4.1: Forsøksmatrise

Utvida kanal	Vertikal vinkel	Horisontal vinkel	Plate	Ru	Samla knekkpunkt
	3				
0	10	22.5	0	0	0
	22.5	45			
1	45	67.5	1	1	1
	67.5	90			

Tabell 4.1: Alle brukte verdier for alle foranderlege modell parameterar.

samlevinkelen og den vertikale avløpsvinkelen, er den faktiske vinkelen desse hadde i forsøket brukt. Prinsippet er vist i tabell 4.1.

Namnet er bygd op slik “Utvida kanal” - “Vertikal vinke” - “Horisontal vinkel”- “Plate” - “Ru” - “Samla knekkpunkt”

Ser ein på forsøket med namn “0-45-22.5-0-1-0”. Så tyder dette at kanalen ikkje er utvida i dette forsøket, den vertikale vinkelen til avløpskanalen er 45°, den horisontale samlevinkelen er 22.5°, det er ikkje brukt ei plate i sidekanalen, forsøket er gjort i ru kanal, og det vertikale knekkpunktet for avløpet er nedstraums samlevinkelen.

I forsøksnamn som omtalar ein heil forsøksserie, er variablane skrivne som X. Forsøka 1-X-90-0-1-0 omtalar alle forsøk som har utvida kanal - forskjellige vertikalkvinklar - 90° horisontalvinkel - Ikkje plate - ru kanal - ikkje samla knekkpunkt.

Kapittel 5

Kapasitet

Forsøka vart gjennomført etter forsøksplanen, som vist i figur 4.1. For kvar vassføring vart vassføringa, vasstanden i bassenget og vasstanden ved alle målepunkta målt. Vasstanden vart målt på begge sider av kanalen i samlevinkelen. I avløpskanalen vart vasstanden målt på eit punkt i tillegg til målestaven. Punktet vart valt for å gi best mogleg inntrykk av den faktiske vasstanden i kanalen. For A1 og A2 var dette det høgaste punktet i vasstrengen. For målepunkta A1, A2 og A3 vart punktet vald slik at eit gjennomsnitt av dei to målingane vil gi den beste tilnærminga til den faktiske vasstanden i kanalen.

Nokon målepunkt viste seg like vel å vere svært vanskelege eller umoglege å fastsetje ein vasstand for. I figur 5.3 kjem det tydeleg fram at det manglar enkelte målingar. Grafane viser at fleire av linjene manglar punktavlesingar. Det er to grunnar til dette. For målepunkt i sidekanalen og samlekanalen, betyr dei manglande målingane at samlevinkelen, som er 30cm høg, ikkje hadde stor nok kapasitet til å gjennomføre dei aktuelle forsøka. Ser ein på målepunkt V3 i figur 5.3, så ser ein at samlevinkelen ikkje hadde kapasitet til å gjennomføre forsøka 0-3-67.5-0-1-0, 0-3-90-0-1-0 eller 0-10-90-0-1-0. For avløpet er problemet at luftinnblanding og uryddig vasstraum kan gjere det vanskeleg, og til dels umogleg å lese av eit tal for vasspegelen i avløpskanalen. Dette er først og fremst eit problem for bratte vertikalvinklar. Problemet er òg aktuelt for små vassføringar der steinane som gir ruheit gir for mykje luftinnblanding.

Målingane som vart utført i venstre side av samlevinkelen er unøyaktige på grunn av luftinnblanding. Luftinnblandinga var størst for forsøka i kort kanal.

For utvida kanal vart luftinnblandinga sterkt redusert på grunn av auka utlufting i den utvida kanalen. Derfor er det ein stor fare for at det er systematiske differansar mellom avlesingane i venstreside av samlevinkelen avhengig av om kanalen er utvida eller ikkje.

5.1 Ru kanal utan utviding


Kapasitetsvurdering etter Horisontal og vertikal vinkel

5.1.1 Forsøkgjennomføring og resultat


Forsøka med ru kanal og utan forlenging av sidekanalen kan finnast øvst til venstre i forsøksmatrisa, figur 4.1. For å lage eit best mogleg grunnlag for å forstå korleis kapasiteten i overgangen mellom sidekanalen og avløpskanalen utviklar seg gjennom å forandre innløpsvinkelen til samlekanalen, og vertikalvinkelen til avløpskanalen, vart alle forsøka i matrisa fullført.

For å vurdere kapasiteten til forskjellige kombinasjonar av horisontal og vertikal vinkel, vart det utarbeida grafar som, for eit bestemt målepunkt, viser vasstanden som ein funksjon av vertikal vinkelen i avløpskanalen. Kvar linje i grafen representerer ein horisontalvinkel i samlekanalen. Grafar for målepunkta K8, V3, A1 og A2 er presenterte i figur 5.1, figur 5.2, figur 5.3 og figur 5.4. Vassføringane som er brukt i desse grafane er, etter tur, 15 ls, 35l/s, 45l/s og 65 l/s.


Målepunkta som er brukt til samanlikninga av kapasiteten er velde ut frå ein gjennomgang av vasstandsutviklinga i fleire av målepunkta. Målepunkta i figur 5.1-figur 5.4, er velde ut frå at dei ei vurdering av dei mest aktuelle målepunkta. K8 er det siste målepunktet i kanalen og kan seie noko om ein trend trekker seg oppover i kanalen, eller er eit resultat av ei ståande bølge, eller oppstuvande effekt frå samlekanalen. V3 er det siste punktet før samlekanalen, og gir vasstanden ved opninga for avløpskanalen. A1 og A2 gir vasstanden i avløpskanalen på dei to første punkta, og er dei punkta med best data i avløpskanalen .



Figur 5.1: Grafen visar vasstanden i målepunkta K8, V3, A1 og A2 for vassføringa 15 l/s. Kvar linje i grafen representerer ein horisontalvinkel i samlevinkelen.



Figur 5.2: Grafen viser vasstanden i målepunkta K8, V3, A1 og A2 for vassføringa 35 l/s. Kvar linje i grafen representerer ein horisontalvinkel i samlevinkelen.



Figur 5.3: Grafane viser vasstanden i målepunkta K8, V3, A1 og A2, for vassføring 45 l/s. Kvar linje i grafen representerer ein horisontalvinkel i samlevinkelen.

5.1.2 Kapasitet i ru kanal utan utviding

Ved eit overblikk over grafane (figur 5.1, figur 5.2, figur 5.3 og figur 5.4), ser ein at ein at jo større vassføringa er, jo større er spreinga av verdiane. Forskjellen mellom høgaste og lågaste vasstand, er til dømes rundt 5cm, for 45° vertikal vinkel i målepunkt V3, med vassføring 15 l/s. Forskjellen har auke til rundt 10cm, for 45° avløp i V3 med vassføring på 45 l/s.

Forskjellen i kapasitet for dei forskjellige utformingane er til dels svært stor. I målepunktet A,1 med vertikalvinkel på 45°, er til dømes vasstanden høgare for 90° vinkel i samlekanalen (22cm) ved 35 l/s (figur 5.2), enn han er for 22.5° samlevinkel ved 65 l/s (21cm) (figur 5.4).


Ein ser ut frå grafane at den største kapasiteten vert nådd ved 22.5° innløpsvinkel, og 45° vinkel for avløpskanalen. Det er likevel verdt å merke seg at det ikkje alltid er mykje som skil mellom kapasiteten ved 22.5° horisontalvinkel og 45° horisontalvinkel. Dette gjeld spesielt for avløpskanalen. Likevel ser ein at 22.5 graders horisontal innløpsvinkel gir den konsekvent største kapasiteten.

For vertikalvinkelen vart den største kapasiteten nådd ved 45°. Denne vinkelen gir den beste kapasiteten for alle horisontale innløpsvinklar.


Konklusjonen er at den beste utforminga er 22.5° horisontalvinkel, saman med 45° vertikalvinkel.

Det som kanskje er den mest spesielle observasjonen i dette forsøket er korleis vasstanden er høgare gjennom heile heile kanalen ved 67.5° vertikalvinkel, enn han er ved 45° vertikalvinkel. I avløpskanalen er ikkje dette uventa. Når vertikalvinkelen vert 67.5°, får ein lufting under vasstråla. Dermed vert ikkje heile tverrsnittet av kanalen fyllt. I figur 5.5 ser ein korleis måleresultatet i til dømes målepunkt A1 ikkje berre inkluderar vatnet, men må ta med lufta under vatnet òg. Dette kan til ei viss grad forklare kvifor det vert ein høgare vasstand i avløpskanalen med 67.5° vertikalvinkel.

Den same forklaringa kan ikkje gjelde for målepunktpunkta V3 og K8. Når vasstanden er høgare både i målepunktet K8 og i V3, må det bety at det ikkje berre kan dreie seg om lokale effektar rundt opninga til avløpskanalen. Avstanden frå V3 til K8 varierer alt etter kva samlevinkel som er montert. Ved 22.5° vinkel er avstanden 40cm og ved 45° vinkel er avstanden 16.7cm. På grunn av dette så må ein konkludere med at det er ei reel vasstandsstigning i samlevinkelen og sidekanalen når avløpsvinkelen går frå 45° til 67.5°.



Figur 5.4: Grafanen viser vasstanden i målepunkta K8, V3, A1 og A2, for vassføring 65 l/s. Kvar linje i grafen representerer ein horisontalvinkel i samlevinkelen.



Figur 5.5: Forsøk 0-67.5-67.5-0-1-0 med vassføring 5l /s. Ein ser på biletet korleis vasstrengen ikkje har kontakt med avløpskanalen på nokon sider eller botn av kanalen. Situasjonen er lik for større vassføringar.

Vasstandsstiginga tyder på at kapasiteten i innløpet vert dårlegare når vertikalvinkelen i avløpskanalen vert endra frå 45° til 67.5° . Årsaka til dette er mest truleg at ein får lufting under vasstrengen når vinkelen er 67.5° , medan ein unngår dette ved 45° . Forskjellen mellom dei to vertikalvinklane vert dermed at ein kan få eit vakuum i botn av kanalen ved vertikalvinkel på 45° , og dette vakuomet gir eit positivt bidrag til energihøgda til vatnet. Vatnet vert dermed “sugd” ut av samlevinkelen ved 45° vertikalvinkel, medan ein ikkje får denne effekten ved 67.5° .

Skal ein sjå på kva som er den viktigaste faktoren for kapasiteten så heng horisontal og vertikal vinkel tett saman. Jo betre vertikalvinkelen er, jo betre vil han kunne nyttast av ein god horisontalvinkel. Det må likevel påpeikast at ein alltid får betre kapasitet ved å senke horisontalvinkelen. For å få ei kapasitetsauke ved å endre vertikalvinkelen er det på den andre sida naudsynt å ha reservekapasitet i samlevinkelen. Dette er kanskje best illustrert ved utflatninga i vasstanden for horisontalvinklar på 90° og 67.5° i figur 5.3, målepunkt V3. Slik sett kan ein seie at det er horisontalvinkelen som er den viktigaste parameteren.

Likevel må ein tenke på at der det er tilgjengeleg kapasitet i innløpet, så vil ei auke i vertikalvinkelen gi til dels større forbetring i kapasiteten enn det å senke horisontalvinkelen. Dette er mellom anna illustrert i målepunkt V3 i figur 5.3, for horisontalvinklane 45° og $22,5^\circ$.

5.2 Ru kanal med Utvida kanal

5.2.1 Forsøkgjennomføring og resultat

Forsøka i ru og utvida kanal er vist øvst til høgre i figur 4.1. Forsøksserien med utvida kanal er noko redusert frå forsøksserien utan utvida kanal. Dette er både av omsyn til tidsbruk, og av omsyn til nødvendigheita av ein fullstendig forsøksserie.


Kanalutvidinga vart introdusert inn i forsøket for å undersøke om den svært turbulente straumen i sidekanalen hadde noko å seie for kapasiteten. Hensikten med forsøka i den forlenga kanalen var å samanlikna vasstanden i kanalen opp mot vasstanden i tilsvarende forsøk utan forlenga kanal. På den måten kan ein seie kva verknad den turbulente straumen i sidekanalen har på kapasiteten i innløpet.

Den utvida kanalen vart sett inn som ei forlenging av sidekanalen. På den måten kunne sidekanalen og terskelen vere uendra gjennom alle forsøka. Kanalutvidinga fungerte som det var lagt til grunn i forsøksplanen, og gav ein tydeleg mindre turbulent vasstraum inn til samlevinkelen enn i forsøka utan forlenga kanal.


Det vart utarbeid grafar for å samanlikne kapasiteten med og utan utvida kanal. Grafane er i utgangspunktet dei same som i vist i underkapittel 5.1 "ru kanal, utan utviding". Det som er forandra er at grafane ikkje har fast y-skala, samtidig som det er lagt inn linjer for utvida kanal. Namnet på linjene er dei tre første siffera i forsøksnamna. Linjenamnet fortel om det er utvida kanal, at det er varierende vertikal vinkel, og kva horisontalvinkel linja representerer. Linjenamnet 1-X-90 betyr at linja representerer forsøk med utvisa kanal, med varierende vertikalvinkel og 90° horisontalvinkel.

5.2.2 Samanlikning av kapasitet melom utvida og ikkje utvida kanal


Grafane som samanliknar kapasiteten for utvida og ikkje-utvida kanal er vist i figur 5.6, figur 5.7 og figur 5.8. Det første ein legg merke til ut frå målepunkt K8 i grafane, at utvidinga senkar vasstanden betydeleg i sidekanalen. Dette gjeld særleg for dei lågare vassføringane.




Figur 5.6: Vasstand i målepunkta K8, V3 og A1 for vassføringa 15 l/s. Kvar linje i grafen representerer ein horisontalvinkel i samlevinkelen. Det første talet i namnet seier om kanalen er utvida eller ikkje.



Figur 5.7: Vasstand i målepunkta K8, V3 og A1 for vassføringa 35 l/s. Kvar linje i grafen representerer ein horisontalvinkel i samlevinkelen. Det første talet i namnet seier om kanalen er utvida eller ikkje.



Figur 5.8: Vasstand i målepunkta K8, V3 og A1 for vassføringa 45 l/s. Kvar linje i grafen representerer ein horisontalvinkel i samlevinkelen. Det første talet i namnet seier om kanalen er utvida eller ikkje.



Figur 5.9: Grafane viser vasstanden i ³⁷venstre side av målepunkt V3 for vassføringane 35 l/s, 45 l/s og 55 l/s.

For Målepunkt V3 er det ikkje ein like tydeleg samanheng. Ein ser av figur 5.6-figur 5.8 at det ikkje er nokon openbar systematikk i kva forsøk som har den beste kapasiteten. Det same er tilfelle for målepunkt A1.

For å undersøke nærare om den utvida kanalen gir ei kapasitetsauke, så må ein sjå på måleresultata frå venstre side i samlevinkelen. Målepunkta i venstre side av samlevinkelen ligg direkte nedstraums av terskelen. På grunn av det vert det ei stor luftinnblanding i vasstraumen i venstre side. Desse målingane er derfor noko meir usikre, spesielt for målingane utan utvida kanal.

